



Kunnskapsdepartementet

Analyse av barnehagestatistikk - status for utbygging og ventelister pr. 20. september 2008

Utgåve: v1
Dato: 2008-11-05

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver: Kunnskapsdepartementet
Raporthavn: Analyse av barnehagestatistikk - status for utbygging og ventelister pr. 20. september 2008
Utgave/dato: V1/ 2008-10-16
Arkivreferanse J:\201332\Rapporteringer\2008\sluttrapport_v1

Oppdrag: 201332 - Saksbehandlingsprogrammet for tilskuddsforvaltning i barnehagesektoren
Oppdragsbeskrivelse: Innhenting og bearbeiding av statistikk fra barnehageforvaltninga i kommunane
Oppdragsleder: Yngve K. Frøyen
Fag: Analyse
Tema Oppvekstsektoren
Leveranse: Sluttrapport

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FORORD

Denne rapporten gir ei vurdering av status i barnehagetilbod og ventelister slik dette vart rapportert i september 2008 for alle kommunar i landet, og viser utviklinga, dels sidan september 2007, men i hovudsak sidan siste årsskifte (årsmeldingane 15.12.2007). Rapporten byggjer på dei rapporteringane som kommunane gjer 20. september kvart år for å dokumentere aktivitetsveksten i sektoren. Det er denne innrapporteringa som m.a. utgjer grunnlaget for utrekning av kommunane sine tilleggskostnader knytt til den pågående massivinnsatsen for å oppnå full barnehagedekning, og som utløyser statens kompensasjonstilskot for desse tilleggskostnadane, såkalla "skjønsmidlar".

Rapporten er utarbeidd av Yngve K. Frøyen og Espen Ørnes. Erik L. Solum har vore vår kontaktperson hos oppdragsgjevar, Kunnskapsdepartementet.

Trondheim 5. november 2008.

Yngve K. Frøyen

SAMANDRAG

Både talet på barn og opphaldstida held fram å auke

Pr. 20. september 2008 er det 255.062 barn i norske barnehagar. Dette er ein auke på vel 14.000 barn i forhold til same tidspunkt i fjar. Frå 15. desember 2007 og fram til no har auken vore på 5.374 barn, eller 2,2 %. Dette er ein liten nedgang i tilveksten samanlikna med tilsvarende tidspunkt i fjar, noko som ikkje er overraskande ettersom mange kommunar hadde nådd målet om full barnehagedekning alt før siste årsskifte. Pr. 20.09 2008 er det 1.439 fleire barn i aldersgruppa 0-2 år og 3.935 fleire barn i aldersgruppa 3-6 år som har fått eit barnehagetilbod. Ein tendens gjennom fleire år til at private tilbod var i sterkt vekst, medan det kommunale tilbodet var både i relativ og absolutt nedgang, snudde i fjar, og endringa har halde fram i endå sterkare grad i år: det private tilbodet auka med berre 0,4 %, medan det kommunale auka med 3,8 %, og heile 92 % av tilveksten i 2008 har vore i kommunale barnehagar (mot 60 % i fjar).

Prosentdelen heildagsplassar (oppaldstid meir enn 41 t/v) har auka med heile 2,5 prosentpoeng til 82,3 % sidan 15.12 2007 (litt mindre enn året før, då auken var 3,2 prosentpoeng). Det betyr at meir enn 10.700 fleire barn har fått ein heildagsplass. Dette tilsvarer ein auke på 5,4 % i talet på heildagsplassar sidan inngangen til året (mot 7,0 % året før).

Auken i oppaldstid tar framleis ein vesentleg del av kapasitetsauken i barnehagane, omrent som situasjonen tidlegare år. Dersom vi ser på auken i "produserte" timer i barnehagane, og denne hadde blitt tatt ut som ein auke i talet på barn og ikkje auka oppaldstid, ville dette resultert i ca 10.100 fleire barn i barnehage samanlikna med situasjonen pr. 15.12 2007.

Dekningsgraden for barn i aldersgruppa 1-5 år er pr. 20.09 2008 på 86,8 %. Dette gjer at dekningsgraden har auka med 2,5 prosentpoeng i løpet av 2008 (mot 4,8 % året før).

Færre barn på venteliste

Totalt for landet er det pr. 20. september 2008 24.924 barn som står på venteliste for å få ein barnehageplass, som ikkje alt har eller har fått tilbod om ein annan plass. Av desse er det 14.057 barn som først ønskjer plass i 2009. Talet inkluderer også 5.828 barn som ønskjer plass i perioden 20. september – 31. desember. Dei 10.867 som står på venteliste for plass i 2008 utgjer 3,7 % av alle barn i Norge i aldersgruppa 1-5 år (mot 5,5 % i fjar). Utviklinga er altså ein markant reduksjon av ventelistene med ca 5000 barn sidan i fjar, men likevel er det altså berre om lag 35 % av den utbygde kapasiteten som har gått med til å redusere ventelister – resten er bygd ut for å tilfredsstille auka etterspurnad etter plassar eller oppaldstid. Ca 77 % av barna på venteliste, eller vel 8.300 barn er 0-2 år, mens 23 % eller vel 2.500 barn er over 3 år.

Kommunane sine planar for full utbygging

336 kommunar eller 78 % av kommunane oppgjør at dei vil få full barnehagedekning i løpet av 2008. 71 % har full dekning i dag. Dekningsgraden for kommunar utan full barnehagedekning er på 85,6 % i aldersgruppa 1-5 år pr. 20.09 2008, mens den er på 88,1 % for kommunar som har full dekning. 18 % av kommunane forventar å oppnå full barnehagedekning i løpet av 2009. 4 % av kommunane trur dei vil oppnå full barnehagedekning i løpet av 2010 eller seinare.

Nye plassar hausten 2008

Det er så langt forventa at det vil bli etablert 4.880 nye heiltidsplassar i løpet av hausten 2008. Ut frå dette vil vi normalt kunne vente at ventelistene i løpet av hausten kan reduserast med 45 %, dersom vi legg til grunn at alle barna som blir tekne opp får heiltidsplass. Erfaring frå tidlegare år viser likevel at ein større del av kapasitetsveksten om hausten går med til å auke talet på barn i barnehage samanlikna med resten av året. Dersom tilveksten held same tempo som dei siste åra, betyr det at det kanskje kan forventast ein reduksjon i ventelistene på 60-70 % innan nyttår. Dette tilsvarer 6-7.000 barn.

INNHOLD

SAMANDRAG	3
1 INNLEIING	1
1.1 Datagrunnlag	1
1.2 Ord og uttrykk	1
1.3 Kjelder	2
2 TALET PÅ BARN I BARNEHAGE	3
2.1 Utviklinga i 2008	3
2.2 Fordeling mellom private og kommunale barnehagar	5
3 OPPHALDSTID	6
3.1 Utvikling i oppholdstid i 2008	6
4 KAPASITETSUTVIKLINGA I BARNEHAGANE	8
4.1 Korleis måle utviklinga i produserte oppholdstimar i barnehage?	8
4.2 Produserte oppholdstimar i barnehagane pr. 20. september	9
5 VENTELISTER PR. 20.09.2008	11
5.1 Innleiing	11
5.2 Det samla talet på barn på venteliste	11
5.3 Variasjon mellom fylka	13
5.4 Ventetid ved opptak	14
6 KOMMUNANE SINE PLANAR FOR FULL UTRYGGING	16
6.1 Har kommunen full barnehagedekning?	16
6.2 Bruken av mellombels lokale på vegen mot full dekning	17
7 FORVENTA NYE PLASSAR HAUSTEN 2008	19
7.1 Forventa nye plassar i kommunale og private barnehagar	19
7.2 Forventa nye plassar fordelt fylkesvis	20

1 INNLEIING

Kunnskapsdepartementet (KD) har behov for å få fram data om barnehagesektoren i samband med det pågående arbeidet med å nå målet om full barnehagedekning. Dette arbeidet går føre seg på kommunenivå, men staten si rolle som finansierande og tilretteleggande part medfører også eit kunnskapsbehov. På bakgrunn av dette er det også i år gjennomført ein landsomfattande statusregistrering i kommunane, der det er henta inn data om talet på barn i barnehage pr. 20.09.2008.

Det er også gjort registreringar av kommunane si forventa utbygging i resten av 2008, talet på barn på ventelister, og kommunane sine vurderingar av kor lang tid det vil kunne gå før dei har nådd målet om full barnehagedekning. I tillegg til å gi informasjon om omfang og retning i barnehageutbygginga, er desse tala også grunnlag for staten si tildeling av skjønsmidlar til kommunane, som kompensasjon for dei ekstra utgiftene som følgjer av ein sterk aktivitetsvekst i sektoren.

Asplan Viak har hatt oppdraget med å samle inn desse registreringane, og legg i denne rapporten fram ein kortfatta analyse av datamaterialet der vi bl.a. ser på siste års utvikling i barnehagetilbodet.

1.1 Datagrunnlag

Data over talet på barn i barnehage pr. 20.09.2008 er samla inn direkte frå alle landets kommunar. Opplysningane er henta inn ved at kommunane sjølv har lagt inn data på internettetsida www.barnibarnehage.no. Data er seinare kvalitetssikra ved fylkesmannsembata i kvart fylke.

1.2 Ord og uttrykk

Barnehagar er ein godkjent pedagogisk tilrettelagt verksemd på dagtid for barn under opplæringspliktig alder. Verksemda er regulert av Lov om barnehagar.

Dekningsgrad (eller omgrepet barnehagedekning) står for tilhøvet mellom talet på barn i barnehage og det totale talet på barn i same aldersgruppe. I denne rapporten er dekningsgraden rekna ut for aldersgruppene 1 til 5 år.

Full barnehagedekning er det når alle som ønskjer barnehageplass, får tilbod om dette. Regjeringa har nytta tilleggsriteriet at alle som søker opptak innan fristen for hovudopptaket (som regel i mars-april), skal ha fått tilbod om plass innan årsskiftet.

Kommunale barnehagar er barnehagar som er eigd og drive av kommunen.
Ikkje-kommunale barnehagar er alle andre barnehagar, både dei som er private med kommunal driftsavtale eller ulike former for tilskot og dei som driv utan kommunalt tilskot. I tillegg har vi definert andre offentlege barnehagar inn under dette omgrepet (statlege / fylkeskommunale).

Familiebarnehagar er ein barnehagetype der små grupper av barn får eit barnehagetilbod i ein privat heim. Det blir arbeidd under leiing av ein førskolelærar, og den som har det daglege ansvaret (assistenten) får regelmessig rettleiing.

1.3 Kjelder

I tillegg til dei nemnde registreringane er det nytta følgjande kjelder:
Frå Statistisk Sentralbyrå, Seksjon for befolkning og utdanningsstatistikk (SSB) er det
innhenta folketal pr. 01.01 2008 for alle kommunar. Det er i tillegg nytta tal frå
årsmeldingsskjema pr. 15.12 2007 for alle landets barnehagar, registrert gjennom
SSB/KOSTRA.¹

¹ I SSB sine publiserte tal frå KOSTRA pr 15.12.2007 er Svalbard også medrekna, dermed er det tilsvynelatande 127 fleire barn i barnehage i SSB-statistikken enn i den statistikken som denne rapporten byggjer på. Svalbard er ikkje med i 20.9-rapopreringa, og er difor teke ut også av talgrunnlaget frå 15.12.2007, slik at vi får tal som kan samanliknast direkte.

2 TALET PÅ BARN I BARNEHAGE

2.1 Utviklinga i 2008

For landet sett under eitt er det 255.062 barn i barnehage pr. 20. september 2008. Dette er ein auke på over 14.000 barn i forhold til tala pr. 20. september 2007. Tilveksten mellom dei siste to registreringane er dermed ein av dei høgste som har vore registrert i løpet av eit år. Til samanlikning var veksten på ca 12.900 barn i fjar, og 8.400 året før.

Tabellen under viser talet på barn med eit barnehagertilbod og korleis desse barna fordeler seg på opphaldskategoriar og barnehagetype.

Tabell 2.1: Talet på barn i barnehage pr. 20.09 2008.

Opphaldstid	Ikkje-kommunale barnehagar			Kommunale barnehagar			Alle barnehagar		
	0-2 år	3-6 år	Sum	0-2 år	3-6 år	Sum	0-2 år	3-6 år	Sum
0-8 timer	24	12	36	44	69	113	68	81	149
9-16 timer	118	122	240	192	248	440	310	370	680
17-24 timer	1 659	1 644	3 303	2 202	2 943	5 145	3 861	4 587	8 448
25-32 timer	3 455	5 448	8 903	3 925	7 339	11 264	7 380	12 787	20 167
33-40 timer	1 956	4 549	6 505	2 417	6 762	9 179	4 373	11 311	15 684
41 timer eller meir	35 215	65 187	100 402	34 461	75 071	109 532	69 676	140 258	209 934
SUM	42 427	76 962	119 389	43 241	92 432	135 673	85 668	169 394	255 062

Frå 15.12 2007 og fram til 20.09 2008 har auken vore på 5.374 barn, eller 2,2 %. Tabell 2.2 viser den prosentvise endringa i talet på barn i barnehage for denne perioden. Til no i 2008 er det 1.439 (1,7 %) fleire barn i aldersgruppa 0-2 år og 3.935 (2,4 %) fleire barn i aldersgruppa 3-6 år som har fått eit barnehagertilbod.

Tabell 2.2 er prega av at det gjennom mange år har funne stad ei vriding i opphaldstid i retning av heildagstilbod, og at det etter kvart er svært få igjen i dei minste opphaldstidskategoriane. Små endringar fører dermed til store prosentvise utslag. Det kan også vere enkelte problem med å samanlikne talet på barn i barnehage når ein tek utgangspunkt i situasjonen på to ulike tidspunkt i året. Dette kjem av at tilgjengeleg statistikk er knytt til barnet sitt fødselsår og ikkje til barnet sin alder. I tillegg er det ein viss aldersforskuving når tala pr. 20.09 blir samanlikna med tilsvarende data pr. 15.12 føregåande år.

Tabell 2.2: Prosentvis endring i talet på barn i barnehage i perioden mellom 15.12 2007 og 20.09 2008.

	Ikkje-kommunale bhg			Kommunale barnehagar			Alle barnehagar		
	Opphaldstid	0-2 år	3-6 år	Sum	0-2 år	3-6 år	Sum	0-2 år	3-6 år
0-8 timer	-51,0 %	33,3 %	-37,9 %	-27,9 %	-1,4 %	-13,7 %	-38,2 %	2,5 %	-21,2 %
9-16 timer	-50,6 %	-49,0 %	-49,8 %	-26,2 %	-26,2 %	-26,2 %	-37,9 %	-35,7 %	-36,7 %
17-24 timer	-8,6 %	-8,3 %	-8,5 %	-11,1 %	-14,0 %	-12,8 %	-10,0 %	-12,0 %	-11,1 %
25-32 timer	-11,4 %	-14,1 %	-13,1 %	-12,3 %	-18,6 %	-16,5 %	-11,9 %	-16,8 %	-15,0 %
33-40 timer	0,3 %	2,8 %	2,0 %	-2,1 %	-4,8 %	-4,1 %	-1,0 %	-1,9 %	-1,7 %
41 timer +	0,6 %	3,1 %	2,2 %	9,2 %	8,0 %	8,4 %	4,7 %	5,7 %	5,4 %
Sum	-1,2 %	1,2 %	0,4 %	4,7 %	3,3 %	3,8 %	1,7 %	2,4 %	2,2 %

Årsvariasjonskurva for opptak og avgang til barnehagane vil medføre at 0-åringane tilsynelatende har lågare dekning i september eitt år enn i desember føregåande år. I realiteten er det slik at berre ein del av kullet vil ha nådd fram til "aktuell alder" for barnehageetterspørsel i september. Tilhøvet når det gjeld barn under eitt år kan illustrere dette. Pr. 15.12 2007 var det 2.558 barn som var fødde i 2007 og som hadde eit barnehagetilbod. Det samanliknbare talet pr. 20. september 2008 for barn fødde i 2008 er 770 barn, eller 0,3 % av det totale talet på barn i barnehage, medan dei 2.558 0-åringane som hadde plass ved årsskiftet, no har vokse til 35.357 1-åringar med plass. For å gjere samanlikninga mellom dei to tidspunkta enklare å kommentere er det i det følgjande difor berre presentert tal for barn i alderen 1-5 år.

Tabell 2.3: Dekningsgrad for heile landet. Tall fra kommunane sine registreringar pr. 20.09 2007 og 20.09 2008. Tala frå september 2007 er sett i forhold til barnetalet i kommunane pr. 01.01 2007, mens tala frå desember 2007 og september 2008 er sett i forhold til barnetala i kommunane pr. 01.01 2008.

Aldersgruppe	Dekningsgrad i barnehage pr. 20.09 2007	Dekningsgrad i barnehage pr. 15.12 2007	Dekningsgrad i barnehage pr. 20.09 2008
1-2 år	65,5 %	69,3 %	72,0 %
3-5 år	94,5 %	94,4 %	96,8 %
1-5 år	82,9 %	84,3 %	86,8 %

Tabellen viser at dekningsgraden har auka med 3,9 prosentpoeng i løpet av det siste året for aldersgruppa 1-5 år, litt under auken året før. Det kjem også fram at det er i aldersgruppa 1-2 år dekningsgraden har auka mest (med 6,5 prosentpoeng).

Tabell 2.4: Utviklinga i fødselstal i perioden 2001 til 2007.

Fødselsår	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Fødselstall	58625	58731	57704	58242	58105	57003	58264

Tabellen over viser utviklinga i fødselstal dei 7 siste åra. Det går fram at vi no har relativt stabil tilvekst, og at dei tendensane til nedgang som kunne observerast for ein del år

tilbake no ikkje lenger dominerer folketalsutviklinga. Det betyr også at gjennomsnittleg barnehagedekning i liten grad endrar seg på grunn av endring i talet på barn i kvar aldersgruppe. Gjennomsnittstal dekkjer likevel over store lokale variasjonar. Dette gjeld særskilt Oslo, men også i andre sentrale kommunar i storbyregionane har sterke demografiske endringar gitt utfordringar i forhold til å oppretthalde dekningsgraden. For eksempel var det i Oslo 9089 0-åringar ved siste årsskifte, men berre 6253 5-åringar. Ettersom barnehage for 1-2-åringar krev om lag dobbelt så stor ressursinnsats pr barn som for 3-5-åringar, vil det vere relativt meir krevjande for ein kommune med ein slik befolningsprofil å skaffe full barnehagedekning, enn for ein kommune med jamnare fordeling frå eitt kull til det neste.

Det er berre om lag halvparten av kommunane (224) som har faktisk tilvekst i talet på barn i barnehage. Det skuldast at ein stor del av kommunane enten (a) har oppnådd full dekning og treng ikkje bygge ut auka kapasitet, eller (b) har nedgang i befolkninga, og difor klarer å oppnå full dekning utan utbygging. Kombinasjonen av (a) og (b) førekjem sjølvsagt svært ofte i materialet.

2.2 Fordeling mellom private og kommunale barnehagar

Tabell 2.5 viser utviklinga i fordelinga mellom private og kommunale barnehagar frå 15.12 2007 til 20.09 2008.

Tabell 2.5: Fordelinga av barn i barnehage mellom kommunale, ordinære ikkje-kommunale barnehagar og private familiebarnehagar.

Barnehagetype	Pr. 15.12 2007		Pr. 20.09 2008	
	N	i % av barn i bhg	N	i % av barn i bhg
Kommunale barnehagar	130 725	52,4 %	135 673	53,2 %
Ordinære ikkje-kommunale bhg	110 755	44,4 %	111 421	43,7 %
Private familiebarnehagar	8 208	3,3 %	7 968	3,1 %
Totalt	249 688	100,0 %	255 062	100,0 %

Tabellen viser at det hittil i 2008 har blitt 666 fleire barn med eit ordinært ikkje-kommunalt tilbod, mens det kommunale tilbodet på landsbasis er auka med i underkant av 5.000 barn. Private familiebarnehagar har ein reduksjon i tilbodet på 240 barn. Kommunale plassar utgjer m.a.o. omtrent 92 % av tilveksten, noko som er svært mykje meir enn tidlegare år – i fjar var den ca 60%. Den relative auken i ikkje-kommunalt/ privat barnehagetilbod var på 0,36 %, og i kommunalt tilbod var på 3,8 %. Ein tidlegare tendens til at private tilbod var i sterk vekst, mens det kommunale tilbodet var både i relativ og absolutt nedgang, har altså definitivt snudd.

Private familiebarnehagar har altså ein nedgang på omtrent 2,9 % sidan årsskiftet. Dette vidarefører utviklinga gjennom dei siste åra der private familiebarnehagar har hatt ein nedgang samtidig som det ordinære barnehagetilbodet dekkjer stadig større del av etterspurnaden. Det er altså ikkje slik at slike private familiebarnehagar blir tekne i bruk i stort omfang for å akselerere utbygginga.

3 OPPHALDSTID

3.1 Utvikling i oppholdstid i 2008

Tabell 3.1 viser korleis barna i aldersgrupperingane 0-2 år og 3-5 år fordeler seg på ulike oppholdstidskategoriar i barnehagen. For begge aldersgrupperingane har prosentdelen heildagsplassar auka markert, ei utvikling som har gått føre seg i ei årrekke. I alt utgjer auken i talet på barn med heildagsplass (oppholdstid meir enn 41 t/v) i overkant av 10.700 barn. Dette tilsvarer ein auke på 5,4 % i forhold til talet på heildagsplassar ved inngangen til året. Samtidig har talet på deltidsplassar blitt redusert med 5.327 i same periode, ein reduksjon på 10,7 % i forhold til talet på deltidsplassar pr. 15.12 2007. Dette er praktisk talt like stor reduksjon som den som vart målt året før.

Tabell 3.1: Prosentvis fordeling av barn i barnehage med ulike oppholdstider pr. 15.12 2007 og 20.09 2008

Oppholdstids-kategori	Prosentvis fordeling pr. 15.12 2007			Prosentvis fordeling pr. 20.09 2008		
	0-2 år	3-5 år	I alt	0-2 år	3-5 år	I alt
0-8 timer	0,1 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %	0,0 %	0,1 %
9-16 timer	0,6 %	0,3 %	0,4 %	0,4 %	0,2 %	0,3 %
17-24 timer	5,1 %	3,2 %	3,8 %	4,5 %	2,7 %	3,3 %
25-32 timer	9,9 %	9,3 %	9,5 %	8,6 %	7,6 %	7,9 %
33-40 timer	5,2 %	7,0 %	6,4 %	5,1 %	6,7 %	6,1 %
41 timer +	79,0 %	80,2 %	79,8 %	81,3 %	82,8 %	82,3 %

Prosentdelen barn med eit heildagstilbod (over 41 timer/ veke) i barnehage har auka med 2,5 prosentpoeng frå 79,8 % til 82,3 % hittil i 2008. Dette er den same utviklingsretninga som er registrert kvart år sidan 2002, men veksten er i år noko redusert i forhold til tidlegare år. I 2007 auka prosentdelen heildagsplassar med 3,2 prosentpoeng, dei tre åra før dette var auken på høvesvis 5,4, 3,8 og 4,4 prosentpoeng. For alle andre oppholdstidskategoriar, dvs. under 41 timer/ veke, har prosentdelen barn vore omtrent uendra eller gått noko tilbake.

I 2008 var det i altså, til liks med tidlegare år, ein betydeleg auke i talet på og andelen heildagsplassar, men trenden er noko avdempa i forhold til før. Det kan rett og slett henge saman med at ein no nærmar seg ei praktisk grense for kor mange som kan gå over i heildagstilbod.

Det finst sjølv sagt ei praktisk grense for kor høg denne andelen kan bli, og likeeins kan det også vere ei grense for kor lenge det er meiningsfylt for dei som tilbyr barnehageplass å operere med deltidstilbod, og for foreldra å etterspørje deltidsplassar, dersom prisen går ytterligare ned og marginalkostnaden for å auke frå ein deltidsplass til ein heiltidspllass går mot null.

Det er likevel grunn til å rekne med at med ytterligare reduksjon i prisane vil trenden med aukande prosentdel barn i heildagstilbod kunne fortsette også ei stund til, men ettersom

det nå berre er ca 17-18 % av barna som er i deltidsplass (45.128 barn), vil totaleffekten av dette vere avgrensa. Desse 45.128 barna har ein gjennomsnittleg opphaldstid på ca 29,9 timer, og tilsvarer difor omtrent 30.000 heiltidsekivalente plassar. Dersom samlege av dei som i dag går i deltidstilbod skulle gå over til heildagstilbod, ville det kunne resultere i at kapasiteten i barnehage på landsbasis må aukast med i storleiksorden 15.000 fulltidsplassar.

Tabell 3.2 viser fordelinga av heiltidsplassar ut frå eigartypen til barnehagane. Det kjem fram at delen heiltidsplassar er høgare i ordinære ikkje-kommunale barnehagar samanlikna med kommunale barnehagar. Pr. 20.09 2008 er denne skilnaden på 3,6 prosentpoeng, noko mindre enn føregåande år.

Tabellen viser også at hittil i år har den prosentvise auken i heildagsplassar vore nær 4 gonger større, eller 6,2 prosentpoeng høgare for dei kommunale barnehagane enn for dei ikkje-kommunale. Denne skilnaden har vore omvendt gjennom fleire tidlegare år, men trenden snudde i fjor. Trendendringa kan indikere at det er ei grense for kor raskt det er mogeleg å konvertere til heiltidsplassar. Likevel er det framleis ein tydeleg skilnad mellom eigartypene når det gjeld andelen barn med heildagstilbod. Det er vanskeleg å seie om dette skuldast at ikkje-kommunale barnehagar av økonomiske/driftsmessige årsaker i større grad berre tilbyr heiltidsplassar, eller om det kan komme av at etterspurnaden varierer.

Tabell 3.2: Auke i andelen heiltidsplassar fordelt på kommunale, og ordinære ikkje-kommunale barnehagar (inklusive private familiebarnehagar).

Eiertype	Andel av barn i barnehage i eit heildagstilbod (41 t eller meir)		% auke i forhold til talet på barn i heildagstilbod pr. 15.12 2007
	Pr. 15.12 2007	Pr. 20.09 2008	
Kommunale	77,3 %	80,7 %	8,4 %
Ikkje-kommunale	82,5 %	84,1 %	2,2 %

4 KAPASITETSUTVIKLINGA I BARNEHAGANE

4.1 Korleis måle utviklinga i produserte opphaldstimar i barnehage?

Ved samanlikning av barnehagedata er det eit poeng å få fram tal for kapasitetsutviklinga frå eit tidspunkt til eit anna når opphaldstid og alderssamsetjing i barnehagen blir endra. Kapasitet kan her tolkast som den samla produksjonen i sektoren, målt som det samla talet på opphaldstimar, og teke omsyn til at ressursinnsatsen bak ein opphaldstime ikkje er uavhengig av alderen på den som tek mot den.

«Klassiske» bemanningsnormer kan hjelpe oss noko når vi skal velge føresetnader for ei samanlikning. Bemanninga blir oftast sett opp slik at avdelingar med barn under 3 år har dobbelt så mange pedagogar som avdelingar med barn over 3 år. Eit utgangspunkt er dermed etablert: 0-2-åringar blir rekna å utgjere ein dobbelt så stor «personalbelastning» (og dermed rundt rekna dobbelt så stor økonomisk belastning) som 3-5-åringar.

Data frå årsmeldingsskjema og 20. september-registreringane gir oss grunnlag for å rekne ut ein total «produksjon av barnehagetimar» som i sin tur kan danne utgangspunkt for å samanlikne kapasitetsutviklinga i sektoren.

Registreringane fortel kva som er avtalt opphaldstid mellom barnehagane og brukarane av tilbodet, og dette er også dei parameterane som barnehageeigar dimensjonerer bemanning og areal i forhold til. Vi ser dei difor som dei beste tilgiengelege variablane for å estimere "produksjonen" i sektoren. Statistisk sentralbyrå (SSB) har utvikla ein nøkkel som blir nytta for å kunne samanlikne kostnader og ressursforbruk mellom kommunar og barnehagar. Ved utrekning av korrigerte opphaldstimar blir denne standardiseringa brukt.

Tabell 4.1: SSB sin standardiserte nøkkelen på gjennomsnittlig opphaldstid i ulike opphaldstidskategoriar til bruk ved samanveiing av barnehagetal.

Opphaldstid	Faktorar for alder
0-8 timer pr. uke = 6 timer	
9-16 timer pr. uke = 13 timer	Barn 0-2 år: multiplisere med 2,0
17-24 timer pr. uke = 21 timer	Barn 3 år: multiplisere med 1,5
25-32 timer pr. uke = 29 timer	Barn 4-6 år: multiplisere med 1,0
33-40 timer pr. uke = 37 timer	
41 timer og meir = 45 timer	

Vi kan her få fram eit taluttrykk som viser kor mange opphaldstimar pr veke barnehagane gir tilbod om, dersom barnegruppa er omrekna til 5-åringar. Dette gir eit mål på den totale produksjonen av barnehagetimar (ressursinnsatsen i sektoren).

Dersom vi deretter dividerer dette veketimetalet med talet på barn, får vi eit indeksuttrykk for kva slags samla tilbod om opphaldstid barnehagane gir.

4.2 Produserte oppholdstimar i barnehagane pr. 20. september

Indeksen til SSB tar ikkje omsyn til at barnegrupper også kan ha barn som er meir ressurskrevjande enn "gjennomsnittsbarnet". I denne samanhengen, der vi samanliknar landstal på to tidspunkt, reknar vi med at dette ikkje vil vere ein faktor som påverkar analysen.

Tabell 4.2 viser at med våre føresetnader for reknestykket har det vore ein betydeleg auke i "produksjonen" i barnehagane hittil i 2008. Det er i aldersgruppa 1-2 år at den prosentvise veksten har vore størst. Videre går det fram at den gjennomsnittlege oppholdstida pr veke har auka med 0,2 timer og at auken er klart størst for barn under 3 år, 1 time større auke enn for barn over 3 år. Til samanlikning auka den gjennomsnittlege oppholdstida pr veke i barnehage med 0,5 timer på same tidspunkt i 2007. Det betyr at dei gjennomsnittlege oppholdstidene i barnehage framleis aukar, men noko mindre enn på same tidspunkt i fjar.

Tabell 4.2: Utviklinga i oppholdstimar og gjennomsnittlig oppholdstid for barn i barnehage frå 15.12 2007 til 20.09 2008. Vekta samanveiing.


	Barn 1-2 år	Barn 3-5 år	Barn 1-5 år
Prosentvis vekst i "produksjonen" i barnehagane (vekta samanveiing)	5,0 %	3,4 %	4,1 %
Gjennomsnittlig oppholdstid pr. 20.09 2008 (tall pr 15.12 2007 i parentes)	41,6 (40,3)	42,5 (42,2)	42,2 (42,0)

Dersom auken i kapasitet var tatt ut i form av fleire barn i barnehage i staden for auke i talet på oppholdstimar, ville det resultert i vel 4.300 fleire barn i aldersgruppa 1-2 år og vel 5.800 fleire barn i aldersgruppa 3-5 år, totalt nesten 10.200 barn samanlikna med situasjonen pr. 15.12 2007. Den samla auken i ressursinnsats i barnehagane kunne altså resultert i ein tilvekst på over 15.500 barn så langt i 2008, men fordi barn som alt er i barnehage etterspør stadig fleire oppholdstimar, og fordi etterspurnaden etter nye plassar i hovudsak er retta mot heildagsplassar, blir utteljinga berre på knapt 5.400 fleire barn.

Tidlegare år har skilnaden mellom auka kapasitet og den faktiske auken i talet på barn i barnehage vore større, men sidan 2006 har denne skilnaden gått litt ned. Det er fortsatt ein klar tendens til at store deler av kapasitetsauken går med til auka oppholdstid, men sidan overgangen til heildagsplassar går litt saktare enn før, får vi i år litt fleire barn i barnehage i forhold til ressursinnsatsen samanlikna med før.

Den prosentvise auken i kapasiteten hittil i 2008 er for første gang på fleire år tilbake på nivå med situasjonen i 2005, men målt i absolute tal er auken i ressursinnsats framleis langt høgre enn i 2005 og nesten på nivå med 2007. Pr. 20. september i 2008 hadde det vore ein kapasitetsauke på 4,1 % i aldersgruppa 1-5 år, vel 1 prosentpoeng lågare enn auken i 2007. Til samanlikning hadde det pr. 20. september i 2005 vore ein auke i

kapasiteten på 4,3 % i aldersgruppa 1-5 år, knapt 0,2 prosentpoeng høgre enn i år. Også i 2006 var den prosentvise veksten i produserte opphaldstimar i barnehage størst for dei minste barna, 9,2 prosentpoeng mot årets 5,0 prosentpoeng. Dette er illustrert i figuren nedanfor.



Figur 4.1: Auke i produserte opphaldstimar i 2005-2008

5 VENTELISTER PR. 20.09.2008

5.1 Innleiing

I rapporteringa er kommunane bedne om å oppgje talet på barn som står på ventelister pr. 20. september 2008. Talet på barn på ventelister er definert som ”barn som pr. 20. september har søkt om barnehageplass, men ikkje fått det”.

Talet på barn som allereie er i barnehage, men står på venteliste til ein annan plass i kommunen, er ikkje tekne med i dei ordinære ventelistene. Dei vil uansett frigjere plass når dei får tildelt sitt primære ønskje, og utgjer difor ikkje noko bidrag på ventelistetala totalt sett.

Dei barna som har fått tilbod om ein plass i kommunen, men har takka nei, inngår heller ikkje i det registrerte talet på barn på ventelister. Desse to sistnemnde gruppene er registrerte som eit tillegg til dei barna som har søkt om plass, men ikkje har fått eit tilbod.

Vidare er det registrert barn som har søkt om plass til eit tidspunkt seinare enn registreringstidsdatoen 20. september. Her er det skilt mellom dei som har søkt om plass i perioden 20. september-31. desember 2008, og dei som har søkt men ikkje før 2009. Det kan vere eit tolkingsspørsmål i kva grad desse sistnemnde skal reknast inn i lag med dei ordinære ventelistene. I forhold til dei målsetjingane som regjeringa har formulert for full barnehagedekning er det mykje som talar for at dei ikkje inngår i ordinære ventelister. Dette vil bli kommentert seinare i kapittelet.

Ventelistene er rapportert i forhold til barna sitt fødselsår. I analysen er prosentdelen barn på venteliste rekna ut frå talet på barn i aldersgruppa 1-5 år (fødde i åra 2003-2007) i kommunane. 0-åringar på venteliste er handtert særskilt i presentasjonen.

Når ein vurderer ventelistene er det viktig å hugse på at det kan vere forhold som gjer at det heftar noko usikkerheit ved desse tala. I ein del regionar er det av geografiske årsaker muleg å stå på venteliste i fleire kommunar, utan at dette treng å vere godt nok kjent og samordna i kommunane det gjeld. Flytting kan også medføre det same. Spørsmål frå kommunane har tidlegare år vist at det har vore ulike tolkingar av kva og korleis ventelistene skulle rapporterast. Det er tidlegare år påvist nokre tilfelle av dobbeltregistrering, der barn som allereie har plass i barnehage likevel er blitt registrert på venteliste for annan plass i same kommune.

Praksis for korleis barn som har takka nei til eit tilbod blir behandla i ventelistekøen, kan også variere frå kommune til kommune. Det kan difor vere ein fare for at det er noko avvik mellom korleis ventelistene er rapportert for dei enkelte kommunane. Dei fleste av dei beskrivne avvikstypane vil tendere i retning av at ventelistene kan vere overvurderte. Til gjengjeld vil eit dårlig utbygd tilbod kunne medføre at nokre ikkje finn det verd å søkje, og at det dermed vil det vere ein skjult etterspurnad som ikkje finn vegen til ventelistene. Avvik kan dermed slå begge vegar.

5.2 Det samla talet på barn på venteliste

Totalt for landet er det pr. 20. september 24.924 barn på venteliste for ein barnehageplass, som ikkje alt har eller har fått tilbod om ein annen plass. Dette er berre

ca 800 færre enn året før, men som vi skal sjå er det likevel relativt stor endring i samansetjinga av ventelistene sidan i 2007.

Av desse nesten 25.000 er det 14.057 barn som først ønskjer plass i 2009. I samanlikninga med statistikken frå før 2007 er desse siste ikkje tekne med, og dei består for ein stor del (ca 68 %) av 0-åringar, altså barn som normalt ikkje er aktuelle for barnehageplass inneverande år. Vi har fått fleire rapportar frå kommunar der det t.d. er søkt om plass for barn som ikkje er fødde på tidspunktet for søknadsfristen, men vi har ikkje registrert om det finst kommunar som aksepterer denne praksisen.

Tala omfattar også 5.828 barn som ønskte plass i perioden 20. september-31. desember 2008. Desse er inkludert i oversiktene over ventelister.

Dei 10.867 som dermed står på venteliste for plass i 2008 utgjer 3,7 % av alle barn i Norge i aldersgruppa 1-5 år, ein klar nedgang frå 5,5 % i 2007. 68 % av desse, eller knapt 7.400 barn er 1-2 år, mens 23 % eller vel 2.500 barn er over 3 år. 920 av ventelistebarna er 0 år (fødde i 2008), og skulle pr føresetnad ikkje vore rekna inn i ventelistetal for 2008. Men fordi mange ønskjer å strekkje foreldrepermisjonen gjennom å kombinere tidskonto med barnehageplass, kan nokre av desse nesten 1000 vere reelle søkerar og ventelistebarn.

Opplysingane frå kommunane viser også at i tillegg til barna presentert over er det 15.813 barn som i dag har eit barnehagetilbod, men som også står på venteliste fordi dei ønskjer ein annan barnehageplass i kommunen. Dette er nesten nøyaktig like mange som året før (15.370). Talet på barn som ønskjer å skifte plass er fordelt med omtrent 57 % / 43 % på barn høvesvis under og over 3 år. Det er ikkje registrert kvifor det er ønskje om eit anna barnehagetilbod for desse barna, men ut frå tidlegare års erfaringar kan deler av desse gruppene også vere første som ordinære barn på ventelister, og dermed utgjere ein potensiell dobbeltteljing i ventelistetala.

Det er også registrert talet på barn som har fått eit tilbod om plass, men som har takka nei til denne. Undersökinga viser at det er drøyt 8.600 barn som tilhører denne kategorien, ein auke på meir enn 1000 frå føregåande år. I underkant av 40 % av desse er barn over 3 år, omtrent som tidlegare.


Samanlikna med undersökinga som vart gjort i 2007, var det pr. 20. september i år om lag 4.900 færre barn på venteliste enn i fjor. Dette er også ein klar framgang frå året før, då det var ein nedgang på 2.200. Når ventelistene ikkje minkar raskare, trass i at talet på barn som har fått barnehageplass framleis ligg blant dei høgste som er registrert på eit år, skuldast det at fleire barn har meldt seg i søkjarkøen. Dette har truleg primært samanheng med at effekten av maksimalprisen framleis verkar, noko som også har ført med seg vridninga frå deltidsplassar til heiltidstilbod. Men også andre forhold verkar inn:

- Det har vore høgkonjunktur og veksande yrkesdeltaking – fleire kjem i arbeid, færre vil vere heime
- Eit betre tilbod held fram med å skape større etterspurnad (fordi det blir "vits i" å søkje for fleire, og fordi mange kommunar legg ekstra energi inn i å leve tilbod som er tilpassa det som brukarane ønskjer seg)
- Demografiske endringar – og flytterørsler. Sjølv om mange kommunar når full barnehagedekning, lar tilbodsoverskotet seg vanskeleg flytte geografisk.

Det vil ut frå dette også bli spennande å sjå kva følgjer ein eventuell lågkonjunktur kan ha for etterspurenaden etter plassar framover.

5.3 Variasjon mellom fylka

Figur 5.2 viser korleis prosentdelen barn på venteliste varierer mellom fylka. Det kjem fram at det er Oslo som no klart har den høgste delen barn på ventelister. Her står 8,6 % av barna i aldersgruppa 1-5 år på venteliste, men dette er likevel ein liten nedgang sidan i fjor for dette fylket. Også Hordaland og Rogaland har begge ventelister på over 4 %, men for begge desse fylka er det snakk om markant nedgang sidan 2007, særleg i Hordaland, der listene er meir enn halvert (frå 13,2 % til 6,2 %). Det er berre Oppland og Sogn og Fjordane som har registrert auke sidan i fjor, men desse låg svært lågt før og auken har vore heilt ubetydeleg. I alle andre fylke har ventelisteandelen gått ned sidan i fjor. Hordaland sine tal er prega av Bergen, som i fjor låg høgt oppe, men i år har gjort eit stort innhogg i ventelistestatistikken. Bergen hadde om lag 3.260 barn på venteliste etter fjorårets opptak, men har redusert dette talet til ca 1.300 i år.



Figur 5.2: Andel barn på venteliste i dei enkelte fylke

Oslo kommune har i følgje registreringane framleis dei lengste ventelistene. Her er det i underkant av 3150 barn som ønskjer, men ikkje har anna barnehagetilbod eller har fått tilbod om annen plass. Dette er ein nedgang på ca 150 sidan 2007. Ventelistene utgjer nesten 9 % av talet på barn i aldersgruppa 1-5 år i kommunen.

Bærum, Stavanger og Ålesund er dei siste kommunane som har meir enn 200 barn på venteliste etter årets opptak, men alle har nedgang sidan i fjor. Fylka med lågast andel barn på venteliste er Finnmark med 0,8 %, Telemark med 1,1 %, Nord-Trøndelag og Hedmark med 1,3 %.

5.4 Ventetid ved opptak

I samband med spørsmåla om ventelister er kommunane også bedne om å spesifisere kor lang tid det normalt tek for eit barn å få tildelt ein ny plass. Spørsmålet var formulert slik:

"Hva er gjennomsnittlig anslått ventetid (i antall uker) for ein barnehageplass for barn som har fylt ett år før 1. september inneværende år?"

Følgjande gjennomsnittsverdiar vart funne, fordelt fylkesvis:

Tabell 5.1: Gjennomsnittlege ventetider på barnehageplass i fylka

Fylke	Gjsn. ventetid (veker)
Østfold	2,5
Akershus	7,2
Oslo	19,3
Hedmark	4,0
Oppland	1,4
Buskerud	1,4
Vestfold	7,2
Telemark	1,1
Aust-Agder	5,9
Vest-Agder	4,6
Rogaland	3,2
Hordaland	6,8
Sogn og Fjordane	2,2
Møre og Romsdal	2,9
Sør-Trøndelag	2,3
Nord-Trøndelag	1,9
Nordland	1,7
Troms	1,6
Finnmark	1,8
I alt	3,7

Som ein kan vente ligg ventetidene høgst hovudsakleg i dei fylka der det er størst ventelister (Oslo, Akershus, Hordaland), medan dei er kortast i fylke som har korte ventelister. Ser vi ventetidene i samanheng med spørsmålet om full barnehagedekning kjem følgjande mønster fram:

Tabell 5.2: Ventetid i kommunar med hhv full dekning og ikkje full dekning?

Dekning?	Ventetid gj.snitt veker
Full dekning	1,7
Ikkje full dekning	8,3

Når kommunar utan full dekning likevel i gjennomsnitt kan klare å tilby plassar etter vel 8 veker, skuldast det sjølv sagt at kravet om full dekning berre er oppfylt dersom alle barn får tilbod om plass (før årsskiftet).

Tabell 5.3: Ventetid gruppert

Ventetid gruppert	Talet på kommunar
0-4 veker	364
5-9 veker	24
10-19 veker	24
20+ veker	8

6 KOMMUNANE SINE PLANAR FOR FULL UΤBYGGING

6.1 Har kommunen full barnehagedekning?

Kommunane er spurt om dei meiner å ha full barnehagedekning ved registreringstidspunktet 20. september, og om når dei eventuelt vil nå dette målet. Tabell 6.1 viser korleis kommunane fordeler seg på spørsmålet.

Tabell 6.1: Når blir full barnehagedekning nådd i kommunen?

Når får kommunen full barnehagedekning?	N
Har full dekning no	306
Når full dekning i 2008	30
Når full dekning 1. halvår 2009	30
Når full dekning 2. halvår 2009	48
Når full dekning i 2010	12
Når full dekning etter 2010	4

336 kommunar, eller 78 % av kommunane svarer at dei er eller vil vere i stand til å nå full barnehagedekning innan utgangen av 2008. Av dei resterande 108 kommunane oppgjev 104 at dei ikkje når full barnehagedekning før i 2009 eller i løpet av 2010. Dei siste 4 forventar ikkje å nå målet før etter 2010.

Dekningsgraden for kommunar utan full barnehagedekning er på 85,6 % i aldersgruppa 1-5 år pr. 20.09 08.

Tabell 6.2 viser dekningsgraden i kommunane inndelt ut frå framdrift i barnehageutbygginga:

Tabell 6.2: Dekningsgradene i kommunane per 20.09 2008 i forhold til framdrift i utbygginga.

	Dekning 1-2 år	Dekning 3-5 år	Dekning 1-5 år	N =
Har full dekning i dag	74,6 %	97,0 %	88,1 %	306
Har ikkje full dekning i dag	69,8 %	96,6 %	85,6 %	124
Når full dekning i 2008	70,6 %	96,7 %	86,1 %	30
Når full dekning i løpet av 2009	69,7 %	96,7 %	85,5 %	78
Når full dekning i løpet av 2010	69,5 %	95,6 %	85,4 %	12
Når full dekning etter 2010	65,5 %	92,0 %	81,8 %	4
Alle	72,0 %	96,8 %	86,8 %	430

Dekningsgraden ligg 2,5 prosentpoeng høgare i kommunar som oppgjev å ha full barnehagedekning samanlikna med kommunar som seier at dei ikkje har dekt behovet for barnehageplassar enno. I aldersgruppa 1-2 år er dekningsgraden på 74,6 % i kommunar med full barnehagedekning, mens kommunar utan full barnehagedekning har ein dekningsgrad på 69,8 %. For barn over 3 år er dekningsgraden 0,4 prosentpoeng høgare i kommunar med full dekning enn det er i kommunar utan full dekning.

Kommunar som oppgjev at dei vil få full barnehagedekning først etter 2010, har heilt klart lågast dekningsgrad i dagens situasjon - mellom 6 og 7 prosentpoeng under kommunar med full barnehagedekning i dag.

6.2 Bruken av mellombels lokale på vegen mot full dekning

For å kunne auke utbyggingstakten har 175 kommunar (eller ca 40 %) teke i bruk permanente barnehageplassar i mellombels lokale. Pr. 20. september 2008 var det 10.586 permanente barnehageplassar i mellombels lokale, ein auke på nær 2.200 frå året før. I forhold til same tidspunkt i fjar, har m.a.o. talet på permanente plassar i mellombels lokale auka med vel 25 %. Den relative auken er langt mindre i 2008 enn i 2007, då den var på om lag 75 %. Talet på plassar i mellombels lokale utgjer slik sett berre ein liten del av det samla talet på barnehageplassar – vel 4 %. Ettersom eit fleirtal av kommunane no har full dekning, og dermed små utbyggingsbehov, er det grunn til å rekne med at ein del plassar i mellombels lokale vil bli konvertert til plassar i permanente lokale, eller kanskje også falle bort dersom dei var etablert for å løyse ein kortvarig topp i etterspurnaden. Statistikken viser for eksempel at i 54 av dei 162 kommunane (nøyaktig 1/3) som hadde mellombels lokale i 2007, fall desse plassane bort i 2008, mens det var 67 kommunar som etablerte slike plassar i løpet av 2008 utan at dei hadde det frå før. Dette verkemiddelet blir brukt i kommunar som framleis må løyse ein situasjon med underdekning, så jo fleire kommunar som når full dekning, jo færre plassar i mellombels lokale kan vi rekne med å få framover.

Det er antakeleg ”fartsauke” som er den viktigaste motivasjonen for bruken av mellombels lokale. Tabell 6.3 viser at av dei 10 kommunane som i dag har høgst utbyggingstakt i landet, nytta/ vil alle med eitt unntak ta i bruk mellombels lokale i løpet av 2008. I desse kommunane vil 21 % av utbygginga i resten av 2008 bli etablert i mellombels lokale. Samla er planane om bruk mellombels lokale ut 2008 på 1303 plassar i heile landet. Dette er klart redusert i høve til fjaråret, då det var på 2879 på same tidspunkt. Dette heng som før nemnt saman med at utbyggingstakten er i ferd med å bli redusert mange kommunar i takt med at full dekning er nådd, og at plassar i mellombels lokale etter kvart blir erstatta med permanente bygg.

Tabell 6.3: Dei ti kommunane som har høgst utbyggingstempo ut 2008, og deira bruk av mellombels lokale.

Kommune	Utbygging resten av 2008	Nyttar mellombels lokale	Plassar i mellombels lokale i dag
Oslo	846	Ja	1848
Bergen	499	Ja	638
Sandnes	258	Ja	43
Ålesund	186	Nei	0
Tromsø	152	Ja	60
Skedsmo	134	Ja	250
Fet	102	Ja (planleggjer i 2008)	0
Spydeberg	100	Ja	35
Fredrikstad	99	Ja	29
Sola	92	Ja (planleggjer i 2008)	0
I alt	2468		2903

7 FORVENTA NYE PLASSAR HAUSTEN 2008

7.1 Forventa nye plassar i kommunale og private barnehagar

Kommunane vart også bedne om å oppgje talet på nye barnehageplassar som er forventa tatt i bruk i perioden 20. september til 31. desember 2008 Det er rapportert inn talet på nye heiltidspllassar. I dei tilfelle der det er etablert korttidstilbod, er dette rekna om til heiltidspllassar.

Totalt oppgjev kommunane at dei forventar at det blir teke i bruk 4.880 nye heiltidspllassar hausten 2008. Dette er eit utbyggingstempo eit godt stykke under tilsvarende i fjaråret, då det låg på 7144 pllassar, og også noko lågare enn åra like forut, då det vart estimert til høvesvis 5.368 og 5.588 pllassar. Oppbremsinga har truleg samanheng med at mange kommunar har nådd full dekning, eller ligg like oppunder dette målet.

I kapittel 5 er det tidlegare vist at det pr. 20. september er over 10.800 barn som står på venteliste inneverande år, som ikkje har eller har fått tilbod om barnehageplass. Den umiddelbare tolkinga av tala her er at ventelistene i løpet av hausten maksimalt kan reduserast med rundt 45 % forutsett at alle barna som blir tekne opp får heiltidspllass.

Det usikre punktet vil her vere om den forventa kapasitetsauken vil gå med til å auke gjennomsnittlig opphaldstid eller auke talet på barn i barnehage. Til no i 2008 har talet på barn i barnehage auka mindre enn kapasitetsauken tilseier, noko som også var tilfelle for same tidsperiode i 2006 og 2007. Rapporteringa pr. 15. desember 2007 viste likevel at hausten 2007 kom det inn fleire barn i barnehage enn det kommunane forventa pr. 20. september. Vidare viser utrekningar både frå 2004 og 2005 at i løpet av hausten går det meste av kapasitetsauken til å auke talet på barn i barnehagane, ikkje til å auke gjennomsnittlig opphaldstid. Grunnen til dette er at opphaldstidsendringar for barn som allereie har barnehageplass gjerne blir teke i løpet av hovudopptaket og endringane som skjer om sommaren når pllassane som blir stilt ledige etter 6-åringane skal fyllast. Kapasitetsveksten om hausten skuldast derimot nybygging, som i stor grad blir fylt med nye barn frå ventelistene, både på heiltids- og deltidsplassar. Det er vanskeleg å anslå eksakt kor mange nye barn i barnehage ein kan forvente seg fram mot nyåret, men det er god grunn til å tro at talet vil ligge over kapasitetsveksten målt som heiltidspllassar. Dersom tilveksten held same tempo som dei to-tre føregåande åra, betyr det at vi kanskje kan forvente at ventelistene blir reduserte med 6-7.000 barn innan nyttår, altså 60-70 %.


Tabell 7.1: Forventa nye heiltidsplassar som blir teke i bruk i kommunane hausten 2008. Totalt tal på plassar er ikkje nødvendigvis lik summen av barn under og over tre år, ettersom det var høve til berre å oppgje plassar totalt og ikkje bryte opp på aldersgruppene over og under tre år

Barnehagetype	Plassar totalt	Barn under tre år	Barn over tre år
Kommunale barnehagar	3 057 (62,6 %)	2 127 (63,6 %)	930 (60,5 %)
Ikkje-kommunale barnehagar	1 823 (37,4 %)	1 217 (36,4 %)	606 (39,5 %)
I alt	4 880	3 344	1 536

Det er ein relativt stor overvekt av kommunale barnehagar som vil bli etablert denne hausten, noko som er ei styrking av tendensen frå i fjer. Dette er også i samsvar med retninga som utbygginga har hatt hittil i 2008. 69 % av plassane som skal etablerast er for barn under 3 år.

7.2 Forventa nye plassar fordelt fylkesvis

Det er også sett på korleis dei forventa nye plassane fordeler seg på fylka, og dette er samanlikna med ventelistene:



Figur 7.1: Forventa nye plassar hausten 2008 mot talet på barn på venteliste vist fylkesvis.

Det framgår av dette at i mange fylke er det nokså nær balanse mellom ventelister og utbyggingsplanar, men ingen fylke har planar om utbygging som ligg over ventelistene. I nokre fylke: Troms, Hedmark og Østfold blir det bygd ut plassar tilsvarende over 80% av ventelistene, men her var det også svært korte ventelister frå før. I mange fylker er det såleis slik at dei absolutte tala er såpass små at det ikkje skal svært store løft til for å bringe balanse i situasjonen.

Fylka som framleis har størst utfordringar med underdekninga (differansen mellom ventelister i år, og planlagt utbygd i haust) målt som absolutte tal er Rogaland, Hordaland, Akershus og Oslo. Desse står for ein manko på ca 4.400 plassar, av 6000 plassar for landet totalt.

Vedlegg nr 1 Auke i talet på heiltidslassar i alle fylke

Tabell 1: Auke i heiltidslassar i alle fylke frå 15.12.2007 til 20.09.2008.

Fylke	Prosentdel barn i barnehage med eit heildagstilbod (41 t eller meir)		% endring i høve til talet på barn i heildagstilbod pr. 15.12.2007
	Pr. 15.12.2007	Pr. 20.09.2008	
Østfold	81,4 %	83,1 %	4,0 %
Akershus	93,5 %	94,6 %	4,2 %
Oslo	95,2 %	95,8 %	4,6 %
Hedmark	64,0 %	68,7 %	8,3 %
Oppland	51,8 %	57,1 %	10,5 %
Buskerud	79,7 %	81,5 %	5,8 %
Vestfold	83,8 %	86,0 %	3,5 %
Telemark	69,7 %	73,9 %	8,2 %
Aust-Agder	63,0 %	65,8 %	9,6 %
Vest-Agder	59,0 %	63,0 %	9,2 %
Rogaland	79,8 %	82,4 %	6,9 %
Hordaland	83,3 %	86,6 %	8,2 %
Sogn og Fjordane	60,1 %	65,7 %	6,9 %
Møre og Romsdal	70,1 %	74,7 %	7,9 %
Sør-Trøndelag	78,1 %	78,8 %	1,5 %
Nord-Trøndelag	62,4 %	66,8 %	6,4 %
Nordland	80,0 %	81,8 %	3,7 %
Troms	85,7 %	87,6 %	2,6 %
Finnmark	88,9 %	89,6 %	-6,5 %

Vedlegg nr 2 Talet på forventa nye plassar fordelt pr. fylke

Tabell 2: Talet på forventa nye plassar fordelt pr fylke og samanlikna med talet på barn på venteliste pr september 2008.

Fylke	Forventa nye plassar	Barn på venteliste pr september 2008	Forventa nye plassar i % av talet på barn på venteliste pr september 2008
Østfold	343	415	83 %
Akershus	871	1 285	68 %
Oslo	846	3 147	27 %
Hedmark	107	131	82 %
Oppland	99	144	69 %
Buskerud	218	448	49 %
Vestfold	163	297	55 %
Telemark	23	101	23 %
Aust-Agder	43	144	30 %
Vest-Agder	102	284	36 %
Rogaland	670	1 144	59 %
Hordaland	603	1 838	33 %
Sogn og Fjordane	89	158	56 %
Møre og Romsdal	288	473	61 %
Sør-Trøndelag	88	294	30 %
Nord-Trøndelag	34	100	34 %
Nordland	106	236	45 %
Troms	172	192	90 %
Finnmark	15	36	42 %
SUM	4 880	10 867	45 %